

Høyringsuttale – forslag til endring i Lov om stadnamn

Stadnamna utgjer ein del av vår felles kulturarv og er ikkje den enkelte grunneigars eigedom. Det er fellesskapets ansvar å ta vare på dei nedervde stadnamna, både gards- og bruksnamn og andre stadnamn, og dei har fått sitt rettmessige vern ved Lov om stadnamn av 1990.

I gjeldande lov skal skrivemåten på gardsnamn fastsettast ut frå namnets opphavlige tyding, nedervd uttale og gjeldande rettskrivingsreglar. Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Det gjeld likevel ikkje dersom bruksnamnet fell saman med nedervde stadnamn, oftast gardsnamnet. Gjennom desse prinsippa balanserer den noverande stadnamnlova på ein god måte omsynet til dei ulike interessene, både i lokalsamfunna så vel som i storsamfunnet.

I det endringsforslaget som ligg føre frå departementet blir det sagt at det kan vere hensiktsmessig å innføre ulike reglar for fastsetting av skrivemåten av bruksnamn og gardsnamn. Departementet meiner bruksnamn står i ei særstilling i forhold til andre stadnamn, mellom anna at det ofte er ei kopling mellom bruksnamnet på ein eigedom og eigars etternamn. Det siste er i og for seg riktig, men det er i dei fleste tilfelle slik at etternamnet er avleidd av gards-/bruksnamnet, og ikkje motsett. Av det følgjer at skrivemåten av eigars etternamn ikkje kan vere retningsgivande for skrivemåten på det namnet det er avleidd av. Praksis med å bruke faste etternamn her til lands er dessutan berre omkring 100 år gammal for brorparten av befolkninga, mens dei fleste gardsnamna går fleire hundre år attende. Det å skulle normere bruksnamna etter slektsnamna blir derfor å snu det heile på hovudet.

Departementet foreslår å endre lova slik at eigar får det avgjerande ordet ved fastsetting av skrivemåten på eigedomens bruksnamn. Føresetnad er at ein kan dokumentere offentlig bruk av den ønska skrivemåten. Forslaget inneber at viss eigar kan leggje fram dokumentasjon, *skal* skriveforma vedtakast, utan ytterligare høyring. Grunneigars/festars ønske skal vere avgjerande for skrivemåten av bruksnamn, sjølv om også andre skrivemåtar kan dokumenterast brukt.

Dette forslaget har fleire svakheiter. For det første legg ein opp til dokumentasjon utan noko form for kjeldekritikk. Eitt og same namn kan ha vore skrive i mange variantar, dette på grunn av ulike eller manglande rettskrivingsnormer gjennom tidene, mishøyring og misforståing frå vedkommande skrivar. Gardsnamnet Venna (gnr. 23 Holtålen) er til dømes blitt skrive som Venn, Ven, Wenn, Wehn og Wehne, med avleidde bruksnamn som Vennatreet og Vennahaugen. Gardsnamnet Loddgarden (gnr. 93 i Melhus) har vore skrive Lodgarden og Lodgaard, med avleiingar som Loddgardstrøa.

Viss grunneigar/festar skal få bestemme skrivemåten av namnet på sin eigedom, vil ein kunne få ulike variantar av det same namnet i bruk samstundes. Vidare vil ein kunne oppleve at nye eigarar vil ha ein annan skrivemåte enn det førre eigar ønskte, og vedkommande kan oppnå det ved å leggje fram ei alternativ kjelde som dokumentasjon. Dette må bli den logiske konsekvensen av intensjonen i lovforslaget som held fram den individuelle råderetten over bruksnamna. Endringsforslaget legg såleis opp til stadig tilbakevendande namnesaker. Dagens eigar av *Loddgardstrøa* kunne da eksempelvis komme med dokumentasjon på at namnet var blitt skrive *Lodgaardstrøen* og få vedtatt det som skrivemåte utan vidare. Ved eigarskifte kunne det bli lagt fram ny dokumentasjon og det på ein annan skrivemåte, og dermed måtte *den* gjelde. Forslaget vil også kunne resultere i unødvendig strid om kva skriftform ein skal bruke på bestemte namn og på namn avleidd av gards- eller bruksnamn, til dømes i kommunal samanheng.

På bakgrunn av dette vil Institutt for historie og klassiske fag tilrå at ein *ikkje* endrar Lov om stadnamn.

Aud Mikkelsen Tretvik